

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 2

Sommaren 2021

53 . årgang

*God sommar*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVEVJERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er339@kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



**KONTORSEKRETÆR**  
Laila Sveen  
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Magnhild Claudius, leiar  
Tlf.: 94164449  
E-post: magnhildc85@gmail.com



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Steinar Stenseth, leiar  
Tlf. 975 69 228  
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Anders Grønbrekk, leiar  
Tlf. 905 64 184  
E-post: angro53@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen og  
Wenche Hillestad Møller

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

«Berre hos Gud er eg stille,  
frå han kjem mi frelse.  
Berre han er mitt berg og  
mi frelse og mitt vern, eg  
skal ikkje vakla.»  
Salme 62,1



## Sommaropen kyrkje

Bruflat kyrkje er sommaropen 6. juli - 8. august  
tysdag-søndag kl. 11-15

Du kan stikke innom, få omvising og ein liten  
prat, eller berre kome inn i kyrkjerommet, vere  
stille og tenne lys.

## Lunsjkonsertar ved organist Serhiy Bykov

Onsdag 7. juli  
Fredag 16. juli  
Onsdag 21. juli

Alle konsertar  
kl. 11.30 – 12.00



Forsidebilette: Grethe N. Bjørnødegård  
Baksidebilette: Laila Øverland Brateng

## Plengudsteneste

Søndag 27. juni kl. 11  
Plengudsteneste i Bruflatlie 30 hos Marit prest.  
Ta med stol og kopp.  
Parkering ved kyrkja.  
Trenng du skyss, kontakt Marit, tlf. 91393314



Frå plengudstenesta 2020

## Stølsmesse på Nordre Lenningen seterhus

1. august kl. 12.00 Gudsteneste på  
Nordre Lenningen seterhus

Rummegraut og kaffe. Hesteskokasting.



*Det finnes samfunn som verdsetter visdom –  
og slike som ser ned på den og foretrekker  
rikdom og makt.*

*Til slutt går de til grunne.*

*Charlotte Gray*

## PRESTENS HJØRNE

### Sommar

#### «HAN SENDTE LYSET

Ludvig våknet til en ny dag- en dag i juni hvor Vårherre fikk alt til å klaffe.

Han sendte lyset.

Det fløy rett inn i hengebjørka og ut att på andre sida. Løvhenget sto att, gjennomstrømmet av sol.»

Skreiv Kjell Aukrust.

Meir enn nokon gong treng vi sommartida. Vi treng lyset. Gleda. Fellesskapen. Samtalene. Nokon late dagar og lange, gode kveldar.

Vi treng fuglesangen og blomeprakten, varmen og glimtet av sommarfuglane ...

Sommarfuglen er eitt av dei eldste kristne symbola, der den faldar seg ut i all sin prakt. Eit bilete på sjølvkjerna i evangeliet; Jesu Kristi oppstode og det nye livet.


Vi har meir enn 170.000 sommarfuglartar på jorda, over 2200 berre i Noreg.

På larve- og puppestadiet er dei ikkje særleg tiltalende, men når dei bryt ut av puppen og slår ut vingane, då er dei det sikraste sommarteiknet.

Nyt livet og sommaren!

Beste helsing

Marit prest



## Den prektig kledde sommerfugl

Den prektigkledde sommerfugl er fløyet fra Guds hånd. Han gav den gylne vinger og røde purpurbånd.

Han lærte den å flyve høyt, høyere enn jeg er. Den har nok fuglens lyster, men ei dens dun og fjær.

Og alle verdens mennesker og alle kongebud ei gjøre kan en sommerfugl. Det kan alene Gud.

Henrik Wergeland

## Kyrkjeklokker over heile landet vil ringe 22. juli



Mange søker til kyrkja når krisa rammar. Vi hugsar havet av roser utanfor domkyrkja i Oslo etter terrorhandlingane 22. juli. Til sommaren er det ti år sidan. Det vil bli markert nasjonalt, og kyrkjene er ein del av denne markeringa. Det oppfordrast til å ringe med kyrkjeklokkene i alle kyrkjene landet over, kl. 12.00 denne dagen, etter den TV-sende gudstenesta frå Oslo.

Etter den nasjonale markeringa, vil det bli arrangement i Hamar der biskopen deltek på ei gudsteneste i Hamar domkyrkje kl. 18:00. Etterpå blir det appellar på Stortorget og ei samling ved minnesmerket.

Det er AUF Innlandet, Hamar kommune, Den norske kyrkja og Støttegruppa 22. juli som står for planlegginga.

**Det blir markering av 10-årsminnet for terroraksjonen i Regjeringskvartalet og på Utøya, også i Bruflat kyrkje.**

**Denne dagen blir det ringt med kyrkjeklokkene frå 12.00-12.05, og kyrkja er open for stillheit, lys-tenning og bøn i heile opningstida**

### *Mitt lille land*

*Av Ole Paus*

*Mitt lille land*

*Et lite sted, en håndfull fred*

*Slenget ut blant vidder og fjord*

*Mitt lille land*

*Der høye fjell står plantet*

*Mellom hus og mennesker og ord*

*Og der stillhet og drømmer gror*

*Som et ekko i karrig jord*

*Mitt lille land*

*Der havet stryker mildt og mykt*

*Som kjærtegn fra kyst til kyst*

*Mitt lille land*

*Der stjerner glir forbi*

*Og blir et landskap når det blir lyst*

*Mens natten står blek og tyst*

*Mitt lille land*

*Et lite...*

# Fotokonkurransen

## Tema: Sommarliv, til forsida i denne sommarutgåva



Juryen, Ole Knut Steinset og Geir Norling, på leit etter det beste sommarbiletet til forsida.

Det beste forsidebiletet vart kåra av Ole Knut Steinset og Geir Norling etter ein grundig gjennomgang av alle innsende bidrag. Underteikna samla og anonymiserte bileta.

Vi fekk 33 bilete frå 7 ulike fotografar.



Vinnaren vart Grethe N. Bjørnødegård. Motivet på vinnarbiletet var ei hardt arbeidande humle. Ho får overraskingspakke frå Bygdebørsen, saman med ein bibel. GRATULERER!

Fire andre bilete, som nesten nådde opp, blir også prenta.

Tusen takk til dykk som sende inn bilete til fotokonkurransen!

Det var mange fine sommarbilete, og alle får ei lita helsing med TAKK frå oss.

Det er også tid for å ta nye bilete, fotografering er ein flott hobby, i jakta på gode motiv.

Marit Slettum  
Redaktør




Blomebilete av Laila Øverland Brateng er også prenta på baksida.



Sann glede over friskt vatn, foto: Håvard Telstø



Sommar i Etnedal, foto: Håvard Telstø



Sommarfugl, (Kardinal) foto: Grethe N. Bjørnødegård

## Kor vart det tå dei?

Monica Hansebakken –  
internasjonal kunstnar med røter i Etnedal



**Monica Hansebakken fortel om gryande interesse for formgiving allereide i tidleg barnealder.**

Monica er noko så uvanleg som ei opprinneleg etnedals-jente med kunst-utdanning frå England og Tyskland, med mange utstillingar av eigne bilte. Monica hugsar at alt fem år gammal ville ho bli kunstnar, og ho brukte all ledig tid på å teikne og lesa. Ho såg menneske og figurar i fjella og naturen elles. Formingsfag var sjølvstakt favoritten på skulen.

Monica seier at ho truleg er den siste som vart født på fødestova på Bruflat - i november 1974. Ann Karin Åmodt og Kjell Hansebakken var foreldra, og ho vaks opp med brørne Yngve og Morten

### Utdanning

Formingsutdanninga starta med grunnkurs i teikning, form og farge på vidaregåande skule på Dokka, vidare på Lillehammer og seinare Strykejernet i Oslo. Fyrste måleriet selde ho der. Ho kan framleis hugse at ho då tenkte det kanskje ville vera mogeleg å leva av kunsten.

Andre året på Strykejernet var ho eit halvt år i Spania, med besøk av rektor for kunst ved Staffordshire University i England. Han likte det ho laga så godt at han inviterte henne dit for vidare studier. Ho seier at ho drog med ein bag med måleutstyr - og svært lite anna!

### Topp-karakterar

Monica slutta der med topp-karakterar, og kom så inn på Slade school of fine art i London. Dei tek opp berre elleve studentar i året - med søkjarar frå heile verda - så det må ein seia var utruleg godt gjort!

Seinare flytta Monica til Frankfurt am Main i Tyskland. Ho budde utanfor Noreg frå 1996 til 2013. I alle desse åra snakka ho så lite norsk at morsmålet nesten vart borte. Ho opplevde å bli spurt kor ho eigentleg kom frå då ho var attende i fødelandet!

### Utfordrande og gjevande

Monica seier at å leva som kunstnar er ganske utfordrande, men også veldig spennande og gjevande. Å vera sin eigen sjef betyr at ein er ansvarleg for alt; produksjon av arbeid, organisasjon av nye utstillingar og all administrasjon. Det aller beste er å forsvinne inn i målaria og sjå korleis dei utviklar seg, for seinare å sjå dei utstilte. Ho fortel også at det er menneskefigurar henta frå kunsthistoria som er gøymde i mange av arbeida hennar.



### Utstillingar

Monica hadde opp til 11 utstillingar i året, så det var mykje reising. Ho likte å utforske nye plassar, og i Tyskland kunne ho leva som kunstnar på fulltid. Ho har jobba utruleg mykje, men trur også at ho må ha noko medfødt å starte med. For å bli skikkeleg god må det arbeidast med ferdigheiter, teknikkar og uttrykk - med målretta jobbing frå tidleg alder.

Monica har hatt over 50 utstillingar internasjonalt - i England, Tyskland, Italia og Noreg. Ho er oppkjøpt av både offentlege og private samlingar. Ho repre-

senterte Noreg to gonger i Tyskland. I 2010 var ho ein av 12 bildande kunstnarar som vart vald ut frå internasjonale galleri til å stille ut på Samtidsmuseet i Lissone ved Milano i Italia. Same året stilte ho ut bilete på Fagernes kunstforening under Rakfiskfestivalen, og møtte kongeparet då dei besøkte Etnedal. Ho er medlem av Landsforbundet for norske malere og norske billedkunstnere, og ho har også fått Bustenskjolds Ærespris!

#### **Kunstverk i Etnedal**

Monica seier at galleria er mest interesserte i nyare arbeid, og ho hadde ikkje lyst til at bileta hennar skulle samle støv på eit lager. Difor vart ho veldig glad då Etnedal kommune hadde plass til ein del av bileta hennar. Dei heng både på Etnedalsheimen, i helsehuset og på kommunehuset.

#### **Familieliv**

Monica flytta attende til Noreg og bur no saman med kreative Ellie på seks år i Oslo, og har jobb i ein barnehage. Siste kunstverk er garantert ikkje laga. Vi ventar spent...

Ingun Kompen



**Monica har fått inspirasjon til mange av måleria sine i den norske fjellheimen**



**Monica saman med dottera Ellie, som også er kunstinteressert.**

## Mi salme



I desse vedvarande koronatidene er mykje annleis i verda. Viruset er overalt – anten vi vandrar på Afrika si raude jord eller i grønne lier i Noreg.

Korkje i fjor eller i år var det rom for å halde gudstenester og andre samlingar for å feire påskebodskapen. Det var spesielt, men Ordet har vi uansett. Kjærleiken frå Gud er hjå oss – også no – overalt.

Eg fekk ein song i påska i fjor som har vorte spesiell for meg. Songen er fantastisk i ord og bilete! Den gjev meg påskebodskapen heile året. Songen vart skriven i 1917 av den tyskfødde songforfattaren Frederik Martin Lehman. Nedtrykt av tungt slit på ein sitrusfabrikk og i eit økonomisk uføre, får han strofene til desse versa, inspirert av strofa frå ei gamal hymne.

Slik vart ho til, denne flotte lovprisinga om Gud sin ufattelege kjærleik. Få salmedikttrar har vel klart å utrykke kjærleiken frå Gud djupare og vakrare enn det Lehman gjer her!

I Romarbrevet 11,33 står det slik: «Å, djup av rikdom og visdom og innsikt hjå Gud. Kor uransakelege hans domar er, og kor ufattelege hans vegar».

Løftene frå vår Gud er dei same – uforanderlege. Det held det Jesus har gjort!

Til å skrive «Mi salme» neste gong, utfordrar eg Åse Marit Sogn

Kari Wold

### *Guds kjærlighet*

*Guds kjærlighet er langt, langt større  
enn penn og tunge tolke kan.  
Den når høyt over himlens stjerner  
og ned til dødens mørke land.  
Så dypt vi falt, den sonet alt,  
da Jesus døden led.  
Sitt fangne barn i syndens garn  
Gud frelste og gav fred.*

### *Kor:*

*Guds kjærlighet, hvor rik og stor,  
hvor høy og dyp og lang!  
Den priser evig englers kor,  
og alle frelstes sang.*

*Om alle hav med blekk ble fylte,  
var himlens hvelv av pergament,  
og var en penn hvert strå på jorden,  
hver mann med skrivekunsten kjent,  
å skildre rett Guds kjærlighet  
vil tømme alle hav  
og himlens hvelv fra bryn til bryn  
ei plass til skriften gav.*



## ØNSKEDIKTET

Arne Paasche Aasen er fødd 18.06.1901 i Steinkjer, og døydd i Oslo 01.11.1978.

Han skreiv bl.a. «De nære ting», som vart svært populær som song. Kurt Foss og Reidar Bø tonesette den og song den inn. Denne har vi alle høyrte mange gonger, og den vert brukt i mange samanhengar. Teksta seier mykje om at vi skal vera glad i det vi har.

### De nære ting

*Ditt sinn monne flyve så vide omkring,  
det er som du glemmer de nære ting,  
det er som du aldri en time har fred,  
du lengter bestandig et annet sted.*

*Du syns dine dager er usle og grå,  
hva er det du søker, hva venter du på?  
Når aldri du unner deg rast eller ro,  
kan ingenting vokse og intet gro.*


*Gå inn i din stue, hvor liten den er,  
så rommer den noe ditt hjerte har kjær.  
På ropet i skogen skal ingen få svar,  
finn veien tilbake til det du har.*

*Den lykken du søker bak blånende fjell,  
kan hende du alltid har eiet den selv.  
Du skal ikke jage i hvileløs ring,  
men lær deg å elske de nære ting.*

*Arne Paasche Aasen*

Jeg utfordrer Sigurd Skogstad til å velge dikt i neste Kyrkje-Varden

Terje Storsveen



## Innvandra gode etnedøler - Samuel og Fiori



**Fiori Redi Zeru og Samuel Asmelash Okubatsion saman med borna Beliel og Hyabiel i den nye heimen sin.**

I 2009 kom Samuel Asmelash Okubatsion som flyktning frå Eritrea til Noreg. Året etter vart han flytta til Nystølen på Tonsåsen. Etter kvart fekk han fast opphald, og seinare kom kona Fiori Redi Zeru og sonen Betiel, då 3 år gammal. No er han stor skulegut. Dei ynskte å busette seg i Etnedal, og leigde fyrst ein kommunal bolig på Lerkendal. I fjor kjøpte dei huset som Elna og Hans Kvedalen i si tid bygde i Haugalifeltet. Der er det utsikt over elva til Bruflat sentrum, og Hyabiel, som er tre år har fått kort veg til barnehagen.

Det var urolege og utrygge forhold i Eritrea som bragte Fiori og Samuel på flukt. Begge to måtte vera soldatar, Samuel i vel ti år, og Fiori i godt sju år. No har dei begge fullført norsk ungdomsskule-pensum, og trivst godt i Norge.

### **Flinke og aktive**

Alle i denne familien er aktive, noko som syner godt

med det dei alt har gjort i den nye heimen sin. Dei har måla mykje i huset, og utandørs pussar dei no opp ein fin steinlagt uteplass.

Samuel hadde utdanning innan landbruk, jobba på bilverkstad, køyrde lastebil og dreiv også med stein- og flislegging i Eritrea. Her i landet har han starta eige firma, der han tek på seg diverse handverksarbeid, og framfor alt måling av hus både inn- og utvendig. Arbeidsbilen hans er ”reklameplakaten”- som dei fleste vel kjenner til.

Samuel starta forresten yrkeskarriera si i Norge med full jobb på flyktingemottaket på Tonsåsen. Der var han miljøarbeidar, og hadde mange erfaringar å gje til dei unge gutane der.

### **Arbeidssame**

Både Fiori og Samuel var ivrige og utålmodige etter å koma raskt gjennom alle formaliteter til eit nytt liv



**Samuel med arbeidsbilen sin.**

i Noreg. Samuel fortel at sjølv venta han to år før han fekk fast opphald, og for ein ungdom var det uendelig lenge.

No er begge i arbeid. Fiori har ein mindre jobb på Etnedalsheimen, og Samuel har måla mange hus i Etnedal og elles i Valdres. På Beitostølen har han i mange år hatt jobb med blant anna å pusse opp utleige-leiligheiter.

#### **Fyrste møtet**

Underskrivne møtte Samuel fyrste gong då det var behov for hjelp etter påbygging av huset mitt. Eg visste at det var nokre innvandrarkarar som budde på Lerkendal. Eg tok sykkelen fatt. I hagen der sat ein av dei kjekke karane eg trudde budde der. Men så stod det også ei barnevogn på verandaen... Det var mitt fyrste møte med Fiori og Samuel – og Hyabiel i vogna! Eg vart ei av «bestemødrene», og fekk nye gode venner.

Samuel kom til meg for å plukke stein – saman med to andre han fekk med seg. Men då han såg at det nye veranda-rekkverket mitt stod og skein utan måling, foreslo han at det var ein jobb kan kunne ta! Huseigaren vart veldig glad, og slik starta vårt vennskap. Fleire trengde målarhjelp, og arbeidsbilen til Samuel er stadig på farten med reklame for ein arbeidssam og triveleg etnedals-familie.

Ingun Kompen

# INFORMASJON FRÅ KYRKJEKONTORET



## Arbeid ved Nord- Etnedal kyrkje



### Kirkelige handlinger i Nord-Etnedal kyrkje sommeren 2021

I juni 2021 vil vi sette i gang med arbeid ved Nord-Etnedal kyrkje. Vi håper at vi samtidig kan gjennomføre planlagte gudstjenester og eventuelle gravferder i Nord- Etnedal. Noe av det planlagte arbeidet kan gjøre det vanskelig, så det må vurderes. Det vil i så fall vere mulighet for å gjennomføre disse handlingene i Bruflat kyrkje.

### Kirkegårdsutvidelse og utvidelse av parkeringsplassen

Nord- Etnedal kirkegård ble sist utvidet i 1975 og har i dag 307 kistegraver. Kirkegården har få ledige dobbeltgraver (2 stk), samt et felt med 50 år fredningstid grunnet leirholdige grunnforhold. Det er behov for flere gravplasser ved Nord- Etnedal kyrkje, og det er behov for flere parkeringsplasser knyttet til kirken og kirkegårdens virksomhet. Asplan Viak har prosjektert en utvidelse sørvest fra kirka mot Dalselva. I detaljplanen er alt godt belyst, og den universelle utformingen av inngangspartiet på kirka er også lagt inn i detaljplanen. Kirkegården er planlagt utvidet med tilsammen tre felt F, G og H. Felt H blir en min-

nelund. Totalt er det lagt inn 185 kistegraver og 94 urnegraver. Reguleringsplanen for Nord- Etnedal kyrkje viser den planlagte utvidelsen av kirkegården, utvidelse av parkeringsplassen på samme side av fylkesveien, pluss opprettelse av ny parkeringsplass på andre siden av veien.

(Reguleringsplan og detaljplan for Nord- Etnedal kirkegård kan du finne på [www.kirken/etnedal.no](http://www.kirken/etnedal.no))

Prosjektet med utvidelse vil gjøre både kirken og kirkegården mer tilgjengelig for besøkende, både ved økt tilrettelegging og en forbedret adkomst. Det har også en stor verdi at det nå tilrettelegges for flere kistegraver på kirkegården, slik at innbyggerne får valgfrihet til å velge den gravleggingsformen de vil, på den kirkegården de har tilknytning til. Adkomst til Nord- Etnedal kyrkje og kirkegård blir sikret tilrettelagt for mennesker med nedsatt funksjonsevne. For øvrig skal gravplassen tilrettelegges etter gjeldende regler for universell utforming, i henhold til forskrift til lov om gravplasser § 7. Planforslaget legger også opp til bedre og flere parkeringsmuligheter.

Etnedal kyrkjelege fellesråd har ønsket å dele kirkegårdsutvidelsen inn i tre delprosjekter. Slik regulerings- og detaljplanen foreligger, er det godkjent både kirkegårdsutvidelse, utvidelse av parkering og universell utforming av inngangspartiet ved Nord-Etnedal kyrkje. Prosjektet deles opp og det er foreløpig gitt finansiering fra Etnedal kommune til del 1 og del 2.

Del 1: Utvidelse og opparbeidelse av parkering, samt geotekniske undersøkelser og prosjektering av flomsikring. Del 2: Universell utforming av inngangspartiet ved kirka. Del 3: Selve kirkegårdsutvidelsen.

### Vanning på kirkegårdene – sommeren 2021



Vanningsanleggene på kirkegårdene er satt i stand og startet for sommersesongen ved begge kirkegårdene.

Det er stadig behov for vedlikehold på anleggene, og det utføres av vår kirketjener. Vi er kjente med at mange synes at det tar tid å sette i gang alle kraner på Bruflat, det er grunnet vannstanden i Bergselva. Når vannstanden er høy er det vanskelig å få koblet til vannet for utekranene. Slik at det kun er kran på kirkeveggen og bårhusveggen som fungerer frem til vi får satt på vannet fra Bergselva.

Vi har ikke foretatt vanning på kirkegårdene i 2021, vi har vurdert det slik at det ikke har vært behov. Vanning med spreder på kirkegårdene vil vi hovedsak utføre ved tørre perioder og for at gresset skal ivaretas. Det bes om forståelse for at vi ikke kan sørge for at alle graver blir vannet tilstrekkelig ved varmt vær, det må alle festere følge opp selv.

## Festeavgifter og gravstell - 2021

Etnedal kyrkjelege fellesråd har sendt ut fakturaer på festeavgifter og gravstell for 2021 sesongen.

Har dere spørsmål, ta kontakt.

Nedenfor følger informasjon om kirkelige avgifter og feste av grav:

**Festeavgifter** (priser per år )

*Festeavgift, vedtatt av Etnedal kommunestyre sak 106/12 den 15.11.2012*

Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 0- 40 år	kr. 100,-
Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 40 – 60 år	kr. 200,-
Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 60 – 80 år	kr. 400,-

Festeperioden er satt til 10 år.

*I henhold til gravferdslovens § 14, kan kyrkjeleg fellesråd inngå avtale om feste av grav. Det følger av samme bestemmelsen at det for feste av grav kan kreves avgift.*

**Gravstell** (priser per år) – kun ved Bruflat kirkegård. Opparbeiding av stellavtale inkl. nedsetting av plan-tekasse,

- administrasjon og gebyr (obligatorisk og kun oppstartsår)	kr. 1000,-
Administrasjon og revisjonskostnader (Obligatorisk)	kr. 100,-
Vårplanting i mai (stemor)	kr. 250,-
Sommerplanting og stell i sommersesongen (sommerplante)	kr. 700,-

Høstplanting (Erika) kr. 250,-

Gravstell faktureres årlig eller tas av avsatte gravlegat.

### Gravminner på kirkegårdene

Vi minner om at det er særdeles viktig at alle som ønsker å flytte på eksisterende gravminner/steiner tar kontakt med kyrkjekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samt etter endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppsetting av nytt gravminne til Etnedal kyrkjelege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som følger retningslinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

I juni 2021 har vi sendt en påminnelse til de steinselskap vi vet leverer gravminner til våre kirkegårder.

### Åpningstider på kyrkjekontoret:

*Grunnet Korona – pandemien har kyrkjekontoret kun åpent **tisdager og torsdager** fra*

***kl. 09.00 til kl. 15.00. Vi er tilgjengelige alle dager kl. 09.00 – kl. 15.00 på telefon og e-post. Ved møter eller annen aktivitet kan dere sende oss en beskjed, så ringer vi tilbake.***

*(E-post kan sendes til [mb836@kyrkja.no](mailto:mb836@kyrkja.no) eller sms til 91 83 70 11).*

**Vi oppfordrer alle til å ta kontakt med oss hvis dere har spørsmål, og/eller det er noe vi kan hjelpe dere med.**

Kom innom, ring oss, send oss en e-post eller et brev til Etnedal kyrkjelege fellesråd, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal. Kontaktinformasjon til alle ansatte finnes på [www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal)

Marie Bjørnødegård  
Kyrkjevege

## Kyrkjegardsdugnad i Nord-Etnedal mai 2021



To av dei yngste dugnadsarbeidarane; Endre og Ingrid Nicolaysen Bergsbakken.



Mange hadde møtt fram for å rydde, rake og gjere det pent på kyrkjegarden. Veret var også strålande. Dugnadsgjengen på Bruflat kyrkjegard var ikkje så heldige. På planlagt tidspunkt striregna det, men fleire vart observert i dagane etter, så begge kyrkjegardane våre var fine og presentable – då sommardrakta kom.

Også takka vere den dyktige kyrkjetenaren vår, Nils Kjell Nilsen, som sørger for at kyrkjegardane alltid er velstelte. Organist Serhiy trør også til med plenkljapparen og anna praktisk arbeid når det er stille elles.

Marit prest

Foto: Steinar Stenseth

På grunn av koronasituasjonen vart årsmøta til sokneråda (kyrkjelydsfesten) avlyst også i 2021. På dei neste sidene kan du lese årsmeldingar og rekneskap for kyrkjelydane og Bruflat sokn, avd. Nordre Lenningen. Dei som vil lese dokumenta i sin heilskap finn dei på kyrkja si heimeside; [Kyrkja.no/Etnedal](http://Kyrkja.no/Etnedal)

## ÅRSMELDING KYRKJELYDANE I ETNEDAL 2020

2020 vart annleisåret, også for kyrkja.

Frå 12. mars vart heile samfunnet «stengt ned» på grunn av korona-viruset og Covid19-sjukdom. På få månadar var smittespreiinga så stor at det utvikla seg til ein pandemi.

Konfirmantundervisninga vart avlyst allereide 12. mars, og frå 15. mars vart det lyst messefall over heile landet. Det var ein uverkeleg situasjon. I pinsa vart det opna opp att for gudstenester, under strengt smittevern. Spriting av hender, minst ein meter avstand pluss fram møteregistrering og maks. 50 deltakarar.

Gravferder har også hatt 50 som maks-antal, og same smittevernreglar.

Konfirmasjonane vart utsett til august/september, kyrkjelydsfesten vart, i likheit med dei fleste andre arrangement avlyst, og på grunn av tiltaka måtte vi prøve å vere kyrkje for folket på ein annleis måte.

### Overføring av andakter til Etnedalsheimen

Takka vere teknisk moglegheit og frivillige forsangarar, hadde vi overføring av andakt frå kyrkja til Etnedalsheimen, i periodane med streng smittevernberedskap.

**Telefonteneste** vart høgt prioritert. Sidan vi ikkje kunne besøke einannan fysisk, prøvde vi å nå flest mogleg pr. telefon. Fleire frivillige var med, og presten prioriterte denne tenesta høgt.

### Sommaropen kyrkje

Bruflat kyrkje var open fem veker i sommarsesongen. Gode frivillige medarbeidarar sørger for det, og mange var innom.

Vi prøvde å vere litt meir nærverande på sosiale media, men heldt ein relativ låg profil.

Alle gode møte menneske imellom, er skapande arenaer i viktige fellesskap.

Denne dimensjonen ved livet har vore eit stort sagn i 2020.

**Sokneråda 2020:****Bruflat sokneråd**

Kjell Fjeld, leiar  
 Magnhild Claudius, nestleiar  
 Grethe N. Bjørnødegård, sekretær  
 Torill N. Stubbene, kasserar  
 Ronald Rasmussen  
 Ingun Kompen  
 Sokneprest Marit Slettum  
 1. vararepr.: Svein Erik Slåttsveen  
 2. Turid Fossen Nysveen

Svein Erik Slåttsveen døyde hausten 2020,  
 Turid Fossen Nysveen rykka opp til 1. vararepr.  
 Laila Stenseth til 2. vararepr.

**Nord-Etnedal sokneråd:**

Steinar Stenseth, leiar  
 Anders Grønbrekk, nestleiar  
 Oddbjørg Løvlie Hagaseth, sekretær  
 Kari Skogstad, kasserar  
 Sokneprest Marit Slettum  
 vararepr.: Jorunn Bergsbakken  
 vararepr.: May Britt Steine

**1.1 MØTEAKTIVITET**

Bruflat sokneråd: 10 møte 41 saker (Telefonmøte: 1)  
 N. Etnedal sokneråd: 5 møte 25 saker (Telefonmøte: 1)

**UTVAL UNDER SOKNERÅDA  
 DIAKONIUTVALET**

Ragnhild Fagernæs, leiar, Anne Marit Stensæter,  
 Torill Stubbene, Ronald Rasmussen  
 Oddveig Bergsbakken, Jorunn Bergsbakken,  
 Oddbjørg Hagaseth, Ellen O. Rudi,  
 kyrkjelydsarbeidar og tidvis soknepresten,  
 ved fellestiltak.  
 Møte : 2

**Fasteaksjonskveld** og dei fleste andre faste arrangement vart avlyst dette året.  
 To arrangement vart gjennomført.

**Sommerkaffe** for bebuarane i omsorgsboligane og på Kirkevoll

St.Hansaftan, 23. juni. Det var strålende sol, varmt vær, og meir enn 20 var med.

Det var god servering og mykje fin sang, musikk og akkompagnement til sangane ved Ronald Rasmussen, klarinett og Geir Nysveen, trekkspel, pluss eit innslag ved presten.

**Enkel lysfest med lysmesse og julegrantenning**

Diakoniutvalet tok også dette året medansvar for «lyssarrangementet» på Bruflat i etterkant av lysmessa i Bruflat kyrkje fyrste adventsøndagen, 29. november 2020.

Leiar i soknerådet Kjell J. Fjeld sørge for julegran, kyrkjetenar Nils Kjell og organist Serhiy rigga og pynta treet.

Fakkeltog, pakkeutdeling, servering og samling i kyrkja etterpå vart avlyst, men diakoniutvalet sørge for julegrantenning og sang rundt treet.

**TRUSOPPLÆRINGUTVALET**

Kari Skogstad, Liv Gjertrud Telstø, Magnhild Claudius og trusopplæringsmedarbeidar Helena Wright.  
 Møte : 2

**Utdeling av 4- og 6- årsbøker**

Deltakarar : Bruflat søndag 23. august. Utdeling av 6-årsbøker for begge sokn: 4  
 8. november: Utdeling av 4- og 2-årsbøker: 4-åringar: 4, 2-åringar: 3

Nord-Etnedal, søndag 18. oktober. Utdeling av 4- og 2-årsbøker: 4-åring: 1 (100%)

Det vart elles arrangert kirkerotteteater for barnehagen og 1. kl. med 24 deltakarar, og teaterframsyning for 1. – 4. klasse.(på Menighetshuset) med 14 deltakarar.

Både Tårnagentar, Lys vaken, Påskevandring og Julevandringar vart avlyst i 2020.

**Utdeling av bibel til 11-åringar.**

16 fekk teikneseriebibel i postkassa.

**1.1.3 KONFIRMANTARBEIDET****KONFIRMANTUTVALET :**

Grethe N. Bjørnødegård, Yulianna Bykova, Øyvind Fagernæs, Klara Månun, Steinar Stenseth og soknepresten.  
 Møte: 1

**Konfirmantane 2019/2020**

Konfirmantar 2020 : Bruflat: 11 Nord – Etnedal : 2  
 Konfirmantopplegget kom som vanleg i gang i januar, med bønnevandringar både i Nord-Etnedal – og Bruflat kyrkje og konfirmantsamlingar etter skuletid onsdagar.

8.-10. februar: Konfirmantsamling med Hekta på Lillehammer, der foreldrar var med som nattevakter og - fylgje på bussen.

8. mars var konfirmantane med på Skaperverkets dag i Bruflat, i Nord-Etnedal var SD i juni.

På grunn av koronasituasjonen vart konfirmasjonsdagane flytta til hausten. 30. august i Bruflat kyrkje og 5. september i Nord-Etnedal kyrkje.

Det var fem konfirmantsamlingar i Bruflat kyrkje etter pinse. Gjennom påska, og i tida etter fekk konfirmantane lekser og oppgåver digitalt.

Andre planar vart avlyst, så det var ei spesiell konfirmanttid.

### Konfirmantane 2020/2021

Det nye konfirmantopplegget starta veka etter 2020-konfirmasjonen i Nord-Etnedal med introduksjonssamling i Bruflat kyrkje. Klara og Steinar frå konfirmantutvalet var med på vandring med konfirmantane frå Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje 12. september, saman med prost Carl Phillip Weisser.

Vandringa vart avslutta med kort gudsteneste og enkel servering i kyrkja.

Informasjon/kommunikasjon i konfirmantopplegget skjer hovudsakeleg gjennom lukka fb-profil.

I november-desember førebudde Hege Bergmann Rotnes julespelet «Dei tre vise menn» av Aage Størengen. Det vart diverre ikkje framført pga. nye smittevernrestriksjonar.

## 2 GUDSTENESTELIVET

### Justering av ordning for hovudgudstenesta i Bruflat – og Nord-Etnedal sokn.

På bakgrunn av vedtak i Kyrkjemøta 2018 og 2019, vart ordninga for hovudgudstenesta justert i alle landets sokn.

Organist Serhiy Bykov og sokneprest Marit Slettum la fram forslag til justeringar for begge sokneråda september 2020. Forslaget inneheldt få verbale endringar. Største endringa var fornying av melodiane til dei liturgiske ledda «Kyrie» og «Gloria», «sanctus» og «Agnus Dei» i nattverd-delen.

Med nokon korrigerings vedtok sokneråda forslaget, som vart lagt fram for kyrkjelydsmøte både i Nord-Etnedal og på Bruflat.

Forslaget frå Etnedal vart godkjent av Hamar biskop i november.

### Gudstenesta er bærebjelken i kyrkjelydsarbeidet.

Dei ukentlege samlingane om Guds Ord, stillheit, bøn for bygd og land og folk, og feiring av Herrens nattverd, er rasteplassar vi frimodig inviterer til. Etter 12. mars vart gudstenestefelleskapet i kyrkja betydeleg amputert. Det var messefall fram til 31. mai, og strenge smittevernreglar resten av året. Det kom eigne restriksjonar for nattverdfeiring, og i perioder har tilrådinga vore å ikkje feire nattverd. Det har vore eit sagn for mange.

**Trusopplæringstiltak** er i normalår naturleg integrert i gudstenesteplanen for begge sokn, (Jfr. Års- hullet ) men dette året vart alt annleis.

**Skulegudstenesta** før jul vil framleis vere ein integrert del av samarbeidet skule-kyrkje, men måtte diverre avlyst i 2020.

**Grendegudstenestene** vart avlyst, men nytt dette året var **plengudsteneste i Bruflatlie 30** hos Marit prest 12. juli, **og utegudsteneste ved det nyrestaurerte seterhuset på Lenningen** 16. august.

### Sang-gudstener og salmemaraton

I begge kyrkjene har det vore sang-gudstener også dette året. Gjenbruksmusikken var med.

Søndag 15. november sto salmesangen i fokus då Ronald Rasmussen og organist Serhiy arrangerte salmemaraton. Fyrst på programmet var sangar av Lina Sandell. Mellom ei rekke av hennar sangar, fortalde Ronald frå livshistoria. Etterpå vart det sunge salmer frå heile salmeboka.

### Juleæftan

Påmelding med maksantal på 50 både i Nord-Etnedal og Bruflat, og gudstenesta frå Bruflat kyrkje vart «strøyma» på fb-sida til Kyrkja i Etnedal.

## 3. KYRKJELEGE HANDLINGAR 2020

(2019-tala i parentes)

	Bruflat	N. Etnedal
Gudstener	29 (39)	12 (16)
Døypte	2 (5)	1 (0)
Vigde	1 (3)	0 (0)
Gravferder	10 (19)	2 (4)

Takkoffer kr.41.422 (kr. 55.552) kr. 10.732 (15.442)

## 4 KONSERTAR

Det har vore 5 konsertar i kyrkjene dette året.

Juli : Organist Serhiy hadde to lunsjkonsertar ved sommaropen kyrkje.

Dei tradisjonelle julekonsertane med kor og korps vart avlyst.

Bruflat sangkor, saman med Hedalen sangkor spelte inn julekonsert i Nord-Etnedal kyrkje 13. desember.

Bruflat musikklag «strøyma» både haustkonsert og julekonsert i Bruflat kyrkje - 16. oktober og 19. desember.

### 5 KYRKJEVARDEN

Kyrkjevarden hadde 4 utgåver også i 2020

Kyrkjevarden samarbeidar med Etnedal kommune om inntil 4 s kommune-info pr. nr.

Faste skribentar har vore Ingun Kompen, Wenche Hillestad Møller, kyrkjeverja og presten, som også er redaktør.

### 6. OMVISING – BRUFLAT KYRKJE.

Bruflat kyrkje var sommaropen fem veker 2020, og omvisinga vart gjort mogleg ved dugnadsinnsats.

Marion Lundstein, Ragnhild Fagernæs, Ingun Kompen, Tone Steinset

Anne Marie Ødegaard og Solveig Skåren hadde ansvaret for ein eller fleire dagar kvar.

Tutta Solberg var omvisar i meir enn tre veker.

Sokneprest Marit Slettum

**Årsmeldingen fra  
Nordre Lenningen ligger på  
[www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal)**



### Tusen år med kristendom!

«Det fyrste i vår lov er at vi skal bøye oss mot aust og be til Kvitekrist om godt år og fred, at vi må halde landet vårt bygd og kongen vår ved helse. Lat han


vere vår ven og vi hans vener, og la Kvitekrist vere vår alle sin ven.»

Dette er starten på kristningslova som vart kunngjort av biskop Grimkjell på Moster i 1024. Mostertinget med Olav Haraldsson i spissen gav rettsgrunnlag for det som skulle bli den norske kyrkjeorganiseringa i mellomalderen, og tinget markerer gjennombrøtet for kristninga av landet.

Arven etter Olav den heilage lever framleis i dagens Norge. Kristninga gav oss mellom anna skule, helsevesen og grunnlag for demokratiet vårt. Symbolsk ser vi dette gjennom riksvåpenet der den norske løva held Olav si øks.

Den store nasjonale feiringa rettar seg mot symbol-året 2030. Men jubileumsfeiringa starta allereie i år, for kristning og nasjonsbygging gjekk over mange år. I år er første feiring, og det skjer i Hamar bispedømme gjennom

### Tusenårsfesten på Hundorp 29. – 31. juli 2021



### Hundorp, Dale-Gudbrands gard

Ifølge Snorre Sturlason er det i år 1000 år sidan Olav Haraldsson møtte stor-høvdingen Dale-Gudbrand akkurat her. Møtet førte til at gudbrandsdølane bøygde seg for den nye trua, samla seg om kongen og starta kyrkjebygging.

Feiringa dei tre dagane vil sette fokus på kultur- møte og endringar vi står overfor i vår tid, akkurat som dei for tusen år sidan sto i ei brytingstid mellom vikingtid og kristendom, mellom ny og gamal tru. Feiringa skjer med arrangement og aktivitet for heile familien frå morgon til kveld på Dal-Gudbrands gard. Tusenårsfesten har eiga nettside med programoversikt, meir om historia og jubileet. Sjå meire på [www.hundorp2021.no](http://www.hundorp2021.no)

«Kultur møte og endring» vil være tema for årets olsok-feiring fleire stadar, ikkje berre på Hundorp.

Den 28. juli feirast olsok i Hamar. Du kan følge pilegrimsvandring frå Vang kyrkje og inn til domkyrkjeodden kor det blir foredrag av biskopen i Hamardomen, etterfølgd av økumenisk gudsteneste. Om kvelden blir det konsert med Narum og påfølgande Olavsvake. Sjå nærare om programmet på [www.domkirkeodden.no/olsok](http://www.domkirkeodden.no/olsok)

På Tolga har dei årleg tradisjon med olsok-uke som

i år blir frå 23. juli til 1. august. Meir om programmet finner du på [www.olsokitolga.no](http://www.olsokitolga.no)

Også i Tyllaldalen, i Lom og fleire andre stadar i Hamar bispedømme er det tradisjon for olsokfeiring. Følg med på [www.skjerikirken.no](http://www.skjerikirken.no) for å sjå kva som skjer der du er.

Utviklinga for samfunnet vårt i de 1000 åra etter kristninga rommar ei utroleg historie. Bli med på reisa attende i tid, men med nåtidens blikk.

Brufat Sokn

**Balanse pr. 31.12.2020**


	Note	31.12.2020	31.12.2019
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	7	19 576 865	17 913 421
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>19 576 865</b>	<b>17 913 421</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>19 576 865</b>	<b>17 913 421</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Andre avsetninger for forpliktelser	9	500 000	500 000
<b>Sum avsetning for forpliktelser</b>		<b>719 274</b>	<b>712 624</b>
Blomsterfond	10	219 274	212 524
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>719 274</b>	<b>712 624</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		188 548	176 477
Betalbar skatt	6	0	25 491
Skyldig offentlige avgifter		7 683	0
Annen kortsiktig gjeld		15 377	33 757
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>211 608</b>	<b>235 725</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>930 882</b>	<b>948 248</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>20 507 747</b>	<b>18 861 669</b>


Etnedal den 26.4. 2021

I styret for Brufat Sokn og Nordre Leningen

  
Magnhild Irene Claudius  
Styreleder


  
Kjell Jørgen Fjeld  
Nestleder

  
Ingun Kompen  
Sekretær

  
Marit Slettum  
Sokneprest

  
Torill Stubbene

  
Ronald Kyrre Rasmussen

  
Grethe N. Bjørnødegård

## Bruflat Sokn

## Balanse pr. 31.12.2020

	Note	31.12.2020	31.12.2019
<b>EIENDELER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Sæterhus	3	1 852 000	1 293 328
Anleggsbidrag strøm		356 815	0
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>2 208 815</b>	<b>1 293 328</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Andel i Lenningen Løype- og maskinlag		392 000	392 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>392 000</b>	<b>392 000</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>2 600 815</b>	<b>1 685 328</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Beholdning grunnarbeid ikke solgte tomter	8	903 130	855 584
<b>Fordringer</b>			
Andre fordringer		137 173	56 566
<b>Sum fordringer</b>		<b>137 173</b>	<b>56 566</b>
Bankinnskudd, kontanter o.l.		16 866 629	16 264 191
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>17 906 932</b>	<b>17 176 341</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>20 507 747</b>	<b>18 861 669</b>

## Bruflat Sokn

## Resultatregnskap

	Note	2020	2019
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salg av fritidstomter	1	1 346 890	500 000
Annen driftsinntekt		111 083	167 579
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 457 973</b>	<b>667 579</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Råtomtkostnader		86 738	243 799
Lønnskostnad	2	54 080	180
Avskrivning på varige driftsmidler	3	47 382	0
Annen driftskostnad	4,5	742 152	1 078 423
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>930 352</b>	<b>1 322 402</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>527 622</b>	<b>-654 823</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		301 557	283 641
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>301 557</b>	<b>283 641</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		2 921	-250 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>2 921</b>	<b>-250 000</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>298 636</b>	<b>533 641</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>826 258</b>	<b>-121 182</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	6	0	25 491
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>826 258</b>	<b>-146 673</b>
<b>OVERFØRINGER OG DISPONERINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital	7	826 258	-146 673
<b>SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER</b>		<b>826 258</b>	<b>-146 673</b>



**Etnedal  
kommune**

- Minst og best -

### Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunes facebook-side

## Hege er ny leiar i Etnedal kulturråd



-Kulturrådet skal vera romsleg og ope for alle innspel, seier nyvalt leiar i Etnedal kulturråd, Hege Bergmann Rotnes. Ho tar stafettfinnen vidare etter at Ingun Kompen har hatt leiarvervet i ti år.

- Vi skal jobbe for at frivillige lag og foreiningar, musikk- og kulturinteresserte i kommunen skal ha gode forhold. Vi skal vera eit bindeledd mellom dei frivillige og kommunen, seier den nye leiaren.

Alle lag og organisasjonar i Etnedal som arbeider med kultur i vid forstand kan bli medlem i kulturrådet, som skal bidra til å gje innbyggjarane kulturopplevingar og skapa møteplassar. Kulturrådet skal også vera rådgjevar for kommunen i kulturpolitiske spørsmål, koma med forslag til fordeling av kulturmidlar, og fremje innspel til kommunestyret i saker som angår kulturfeltet.

### Eit mangfald av interesser og aktivitetar

Det er 21 frivillige lag som blir invitert til kulturmøte eit par gongar i året, og elles er kontaktpersonar for kommunen ute i «frivilligheita». Kulturkonsulenten i kommunen er sekretær for rådet, og på den måten også eit bindeledd mellom det frivillige kulturlivet og kommunen. Kulturrådet er ein viktig arena for samarbeid mellom ulike lag og foreiningar, der deltakarane saman kan koma fram til gode idear og nye kulturtiltak som dei ynskjer å jobbe med.

Det er stort spenn i interesseområda som er representert i rådet. Fleire grendehus er med, i tillegg til

lag som pensjonistlaget, Etnedal Røde Kors, turlaget, historielaget og husflidslaget – for å nemne nokre av dei. Kari Skogstad ved Etnedal frivilligsentral er også med.

- Kultur er jo rett og slett menneskeleg aktivitet i samfunnet vårt, seier Hege Bergmann Rotnes. - Her i Etnedal er vi ofte medlem av både eit, to og tre lag. Det er mange flinke innbyggjarar som saman kan dra i land både store og små arrangement. Vi tenkjer kanskje ikkje så mykje over det, men det er slik deltaking som er med på å forme oss. Det blir vidareformidla til dei yngre, gir lærdom og bidrar til samhald i kommunen vår.

### Brenn for mykje

Hege sjølv er medlem av fleire av laga som sit i kulturrådet, men representerer Bruflat sangkor.

- Som leiar i Bruflat Sangkor er eg levande opptatt av song og musikk, noko som har vore med meg heile livet. Tonar og ord som vidarefører gamle stev og lokale tonar, musikk til glede og i sorg, som rører ved noko i oss alle. Og ikkje minst «musikk til arbe». Eg er eit aktivt medlem av Etnedal Husflidslag, og ein trall ved rokken eller skinnfellen høyrer med. For den som vil syngje finn alltid ein song!

Hege ynskjer både å ta vare på og å utvikle kulturen i Etnedal: - Eg ynskjer å jobbe for at Etnedal skal få ein felles møtestad. Eit tun der ny teknologi kan møte det tradisjonelle og kulturarven i historiske omgjevnader. Og håpet er at vi kan sjå verdien av eit slikt samlingspunkt og dra lasset saman. Kultur er som sagt aktiviteten i samfunnet vårt, og den er det viktig å vidareutvikle og ta vare på.

-Ta gjerne kontakt med meg med både stort og smått, er oppfordringa.

Er du med i eit frivillig lag som ikkje er med i kulturrådet? Meld ifrå til kulturkonsulent Nina E. Grønbrekk for å bli innkalla til møte.



## Endelig er sommeren her, og BUA Etnedal låner med glede bort gratis utstyr til både liten og stor!!

### I BUA Etnedal finner du bl.a:

- Hengekøyer
- Bålpanne m/tilbehør
- Tursekker
- Soveposer
- Liggeunderlag
- Lavvo/Telt
- Feltseng
- Campingstoler
- Sitteunderlag
- Bæremeis
- Kano
- SUP-brett
- Redningsvester
- Sykkelvogn
- Frisbee-golf
- Slakk line
- Kubbspill
- Petanque (boccia)
- Pil og bue
- Stangtennis
- Sykkelstativ

I løpet av våren/sommeren vil det også dukke opp noe nytt utstyr i BUA, bl.a. noen sykler, elvekajakk, våtdrakter og et par el-sykler!!

### BUA ETNEDAL ER ÅPEN:

Tirsdag kl. 14.30 - 17.00

Fredag kl. 14.30 - 16.00



Har du spørsmål, ta kontakt med Kari på Frivilligsentralen: Tlf: 92 13 24 38  
E-post: [post@etnedal.frivilligsentral.no](mailto:post@etnedal.frivilligsentral.no)

Vi sees i BUA!!

*Ønsker du å støtte BUA Etnedal? Vipps til 559015*



Etnedal  
helselag

## LEDIG LEILIGHET

Etnedal helselags Stiftelse har for tiden en aldersleilighet ledig for utleie på Bruflat, for pensjonist bosatt i Etnedal. Leien er rimelig og inkluderer vaktmestertjenester.

Dersom du er interessert, ta kontakt med Leder Anne Marie Ødegaard for nærmere informasjon og søknadsskjema. Tlf. 41473192

## Nasjonalforeningen for folkehelsen sin hoppetaukonkurranse

4. kl. ved Etnedal skule, nr. 2 i Innlandet fylke.  
Bakerst frå venstre: Håkon Korsvoll Haug, Robbi Lundmoen, Kristine Espelien, Vanessa Kringli Huset, Christian Granstrøm Berg, Ørjan Lundmoen, Eivind Tollehaug. Fremst frå venstre: Tim Tahidi Rønsmoen, Maia Robøle, Solveig-Aurora Eivik-Iversen, Leo Sveen Joplassen.

Elna Kvedalen og Ingun Kompen frå Etnedal helselag representerte både fylkesstyret og det lokale laget då dei delte ut diplomar, pengesjekkar og is på skulen 3. juni.

Gratulerer til 4. klasse med strålende innsats!



## Velkommen til ny sesong med Stolpejakt i Etnedal!

Siden responsen på stolpejakt var så bra i fjor, har vi utvida til to områder med stolper i år! I Bruflatområdet har vi ute 15 stolper, og ca midt i juni kommer det ut 25 stolper i Bakkebygda. Alle stolpene kommer til å stå ute til 1.november.

Stolpene kan registreres både digitalt i en app og på papir. Papirkart finner du på YX, Matkroken, Bygdebørsen, Joker, Maxbo og på Sporten i Bagn.

Mer info finner du på [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), [www.stolpejakten.no](http://www.stolpejakten.no) og på facebookside «Stolpejakten i Etnedal».

Dette er et spennende aktivitetstilbud som passer for alle, både liten og stor!

Vi ønsker alle sammen riktig god tur på stolpejakt i Etnedal!!

Stolpejakten i Etnedal arrangeres av:



I samarbeid med:



**S** STOLPEJAKTEN  
ETNEDAL

## Konfirmasjon i Bruflat kyrkje 6. juni



Leiar Magnhild Claudius i Bruflat sokneråd talar til konfirmanntane og overrekker synleg prov på gjennomført konfirmanntid. Torbjørn Eide Stubbene, Kristin Bergsbakken, Jørgen Espeliødegård, Katrine Telstø, Hella Lysnes

Utgangsprosesjon: Klokkar Kari Wold og Marit prest saman med konfirmanntane Katrine Telstø, Kristin Bergsbakken, Hella Lysnes, Torbjørn Eide Stubbene og Jørgen Espeliødegård



Etter andre gudstenesta. Irene Bergene, Kevin Henriksen, Kristoffer Øybakken Øvrebø, Karoline Dalseghagen Klevgård, Mira Bykova, Marit prest

## Konfirmasjon i Nord-Etnedal kyrkje 13. juni



Konfirmantane i Nord-Etnedal kyrkje

Magnus Bergsbakken, Emilie Månum Esp og Sondre Tollehaug.

Her får dei gode ord, diplom og rose frå leiaren i Nord- Etnedal sokneråd Steinar Stenseth.



Klokkar Wenche Hillestad Møller, Sondre Tollehaug, Emilie Månum Esp, Magnus Bergsbakken og Marit prest.



Vemund Hestekind og Ann Kristin Tveit vart vigde i Nord-Etnedal kyrkje, pinseaftan 22. mai



Forbøn for konfirmanten Emilie Månum Esp

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 27. juni – 5. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Matt 7, 21-29*

Kl. 11.00 Bruflatlie 30, hos Marit prest.  
Plengudsteneste.  
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.  
Kyrkjekaffe. Ronald Rasmussen deltek.

## 4. juli – 6. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Matt. 13,13-16*

Kl. 11.00 Brusveen grendehus.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 11. juli - Inga gudsteneste

## 18. juli – 8. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Mark 12, 37b-44*

Kl. 12.00 Kyrkjesletta, Dalen. Arr.:  
Nord-Aurdal.

## 25. juli – 9. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Joh 8, 2-11*

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Kveldsmesse ved  
Trygve Tyreid. Nattverd.  
Takkoffer til Det norske  
Misjonssekskap

## 1. august – 10. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Matt 18, 21-35*

kl. 12.00 Nordre Lenningen seterhus.  
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.  
Rummegraut og kyrkjekaffe.

## 8. august – Inga gudsteneste

## 15. august – 12. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Luk 8, 1-3*

Kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd. Ellen  
Oddveig Rudi.  
Takkoffer til Det norske  
Misjonssekskap

## 22. august – 13. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Luk 12, 41-48*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Utdeling av kyrkjebok til 6-åringar.  
Takkoffer til IKO.

## 29. august – Vingårdssøndag /

### 14. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Luk 17, 7-10*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til Laget. (Norges kristne  
student – og skoleungdomslag)

## 5. september – 15. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Luk 10, 38-42*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Normisjonsdag.  
Nattverd  
Takkoffer til Normisjon.

## 12. september – 16. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Matt 5, 10-12*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
50-årskonfirmantjubiläum  
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

## 19. september – Inga gudsteneste

## 26. september – 18. søndag i treenighetstiden

*Preiketekst: Matt 8, 5-13*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje,  
50-årskonfirmantjubiläum  
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

### Med atterhald om endringar.

Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres,  
på heimesida vår; [Kyrkja.no/Etnedal](http://Kyrkja.no/Etnedal)  
og på Facebook-sida, Kyrkja i Etnedal.

# Slekters gang

## DØDE



### Bruflat sokn

Gunnar Øistuen  
Arne Johnny Eugen Hermansen  
Rolf Tidemandsen

### Nord-Etnedal sokn

Eldbjørg Bergsbakken  
Astrid Tollehaug

## VIGDE



### Nord-Etnedal sokn

Vemund Hestekind og Ann Kristin Tveit 22. mai



Maja Kile Brateng